



## **Sak 7.1 No er tida inne for å bruke milliardar på å spare energi**

Overslag frå Energi Norge viser at staten truleg vil tene fleire titals milliardar kroner ekstra på dei høge straumprisane. Så langt har straumkrisa blitt møtte med to tiltak: Føre tilbake pengar til straumkundane, og reise debatt om å tilføre meir straum til kundane ved å opne opp for utbygging av verna vassdrag. Å byrja utbygging av verna vassdrag er sjølvsagt SV sterk motstandar av! SV meiner at tida no er kome for eit krafttak for energisparing.

Før straumkrisa slo inn over oss for alvor var det ein begynnande debatt om kor vanskeleg det var for private hushald å få tilskot som monnar frå Enova til energisparetiltak i heimen. 14 nærings- og miljøorganisasjonar gjekk i ein kronikk i Trønderavisa 31 august i fjor ut mot den førre regjeringa og kritiserte dei for å prioritere ned straumsparing hos «vanlege folk». Kwart år betaler norske hushald inn 400 millionar kroner til Enova, men får stadig mindre igjen. I siste avtale mellom Klima- og miljødepartementet og Enova er målet om energieffektivisering tatt ut.

Staten har gjennom eit tiår gitt romsleg støtte til norske hushald som ønskjer å gå over frå fossil- til elbil. Nå har tida komen til ei like romsleg støtte til hushald som ønskjer å investere i varmepumpe, vassbåren varme, solcellepanel, passiv soloppvarming, etterisolering, utskifting av gamle vindauge, og andre fornuftige og effektive tiltak for energisparing.

På same måte som for elbilstøtte må tiltak for energisparing i private hushald fritakast for statlege avgifter, som meirverdiavgift, og i tillegg på det innførast tilbod om gratis energispareanalyse for å lage ein energispareplan for alle som ønskjer det. Vidare må det innførast ei støtteordning som gjer at alle som ønskjer det får råd til å gjere dei naudsynte investeringane i energisparing.

Regjeringa har varsla at det skal setjast ned ein Energikommisjon. Energisparing må bli eit sentralt tema for energikommisjonen, ikkje berre spørsmålet om auka energiproduksjon - slik dei politiske signala tyder på så langt.